



Luster kommune

Funksjonsrapport

Nytt Helse- og omsorgssenter - Luster kommune

15.09.2026



Oppsummering

Funksjonsrapporten inneheld skildring av funksjonar som er planlagt i nytt helse- og omsorgssenter. Fullstendig rom- og funksjonsprogram skal utviklast i forprosjektet.

Funksjon	Netto areal	b/n faktor	Brutto areal
Fellesareal	600	1,5	900
Produksjonskjøken	260	1,5	390
Helsestasjon	170	1,5	255
Psykisk helse- rus	140	1,5	210
Ambulansestasjon	230	1,5	345
Legesenter, legevakt, lab	570	1,5	855
Langtidsavdeling	1920	1,7	3265
Korttidsavdeling	700	1,7	1190
Ergo- og fysioterapeuttenesta	460	1,5	690
Personalgarderobar	140	1,5	210
Byggmessig drift	530	1,5	795
SUM	5720		9105

Det er planlagt 70 parkeringsplassar totalt. Av desse skal 40 plasser vere i parkeringskjellar.

Innhold

Oppsummering.....	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Brutto/netto-faktor	4
1.2 Arealeffektivitet	4
2 Viktige føringar	4
2.1 Luster kommune sine overordna mål	4
2.2 Prinsipp for byggutforming	4
2.3 Husbanken sitt investeringstilskot.....	7
2.4 Helse Førde sine krav	8
2.5 Lover og forskrifter	8
3 Funksjonsprogram	8
3.1 Fellesareal.....	8
3.2 Produksjonskjøken.....	9
3.3 Helsestasjon.....	10
3.4 Psykisk helseteam og rusomsorg	10
3.5 Ambulansestasjon.....	11
3.6 Legekontor, legevakt og lab.....	11
3.7 Institusjonsplassar	12
3.8 Ergo- og fysioterapeuttenesta.....	14
3.9 Personalgarderobar	15
3.10 Byggmessig drift.....	15
3.11 Uteareal	16
3.12 Parkering.....	16
4 Kartlegging av tilsette og besøkande	16

1 Innleiing

Funksjonsrapporten omfattar skildring av Luster kommune sin framtidige verksemd med ønska bruk, sambruk og samarbeid, samanheng mellom ulike funksjonar og korleis desse bør ligge i høve til kvarandre for å bidra til ein mest mogleg effektiv teneste. Brukarmedverknad er godt ivareteke i arbeidet med planlegging av funksjonar og rom i nytt bygg. Ei rekke arbeidsgrupper beståande av leiarar og tilsette har vore involvert. Brukarkoordinator har koordinert dette arbeidet og vil delta aktivt i vidare prosess. Funksjonsprogrammet og arealprogrammet er bevisst umodent og lite detaljert på romnivå for å opne for arealeffektivisering og innovasjon gjennom konkurranse og samspelsfase.

1.1 Brutto/netto-faktor

Arealprogrammet er bygd opp med nettoareal, dvs. summen av funksjonseininga sine nettoareal. Nettoareal er areal av rom avgrensa av vegger og søyler jf. NS 3940, og omfattar alle programmerte rom. Nettoareal omfattar ikkje korridorar og andre interne trafikkareal eller tekniske serviceareal. Det er nytta ein brutto/nettofaktor på 1,7 for sjukeheimsdelen og 1,5 for resterande areal for å berekne bruttoarealet (BTA) for prosjektet. Bruttoarealet er summen av funksjonseiningane sine bruttoareal med tillegg av tverrgåande trafikkareal og teknisk rom. Areal målt til utsida av yttervegg jf. målereglane i NS 3940. Det bør søkast å halde brutto/nettofactoren så låg som mogleg i den vidare planlegginga.

1.2 Arealeffektivitet

Arealeffektivitet har stor innverknad for prosjektet sin kostnad. Ein låg brutto/netto faktor gir lågare byggekostnad, då ca. 70% av kostnadene er relatert til bruttoarealet sin storleik. Det er fleire måtar å redusere bruttoarealet på og dermed auke arealeffektiviteten. Døme på dette kan vere sambruk av areal eller opne løysingar som kan redusere veggareal og gangareal. Det er viktig at slike tiltak ikkje går ut over dei primære oppgåvene som bygget skal løyse.

2 Viktige føringar

2.1 Luster kommune sine overordna mål

Luster kommune sitt samfunns mål for prosjektet er at nytt helse- og omsorgssenter skal ruste kommunen for ei framtid med auka helse- og omsorgsbehov, og redusert tilgang på helsepersonell.

Følgande effektmål er definert for prosjektet;

- Tilrettelegge for eit moderne helse- og omsorgstilbod med vekt på førebygging og meistring
- Sikre bemanning og rekruttering av helsepersonell
- Tilrettelegge for effektivisering av tenesteyting
- Ivareta brukarar, bebuarar og tilsette sine behov for tryggleik og skjerming
- Tilrettelegge for involvering av frivilligheit og lokalsamfunn

2.2 Prinsipp for byggutforming

Generalitet, fleksibilitet og elastisitet

Det er viktig at nye bygningar er tilpassingsdyktige i høve til endra behov som kan oppstå i levetida til bygget. Generalitet, fleksibilitet og elastisitet er mål på bygningen si tilpassingsdyktigheit.

Generalitet dreier seg om evna ein bygning har til å møte skiftande funksjonelle krav utan å endre eigenskapar, det vil seie bygget si evne til å tilfredsstille ulike funksjonelle brukarkrav utan at det må gjerast bygningsmessige eller tekniske tiltak.

Fleksibilitet dreier seg om evna eit bygg har til å møte skiftande funksjonelle krav med minimale kostnader til ombygging/tilpassing og utan å forstyrre den løpande drifta. Til dømes kan dette handle om å lett kunne ta ned, setje opp eller flytte innvendige veggjar, eller å enkelt kunne flytte lysarmatur eller andre tekniske komponentar.

Elastisitet dreier seg om evna ein bygning har til å utvide eller redusere areal innanfor ein gitt geometri. Til dømes kan dette vere å leggje til rette for framtidig utviding med nye, samanknytte bygg på tomte.

I helse- og omsorgssenteret kan døme på generalitet og elastisitet vere tilrettelegging for ektefellar som ønskjer å bu saman, der det i rom- og funksjonsprogrammet er tilrådd å leggje til rette for dette ved at ein kan setje inn ei dør mellom to bueiningar dersom det skulle vere behov for det. Det skal leggjast til rette for fleksibel bruk av møterom og treningsrom, slik at dei kan nyttast til ulike føremål og av ulike brukargrupper. Kontor og behandlingsrom for helsetenestene bør ha fleksibilitet til å kunne nyttast til ulike tenester.

Driftseffektivitet og logistikk

Organisering av areala skal legge til rette for fleksibel og effektiv utnytting av lokalitetar, utstyr og personell. Dette inneber t.d. at det skal vere enkle og hensiktsmessige transportveggar både inne i bygget og i tilkomstveggar.

Interne kommunikasjonslinjer må vere planlagd slik at transport frå varemottak til funksjonar i bygget blir effektiv. Det same kravet til effektive kommunikasjonslinjer gjeld logistikken for mat, medisin, kle og menneske. Tilsette skal enkelt kunne flytte seg mellom avdelingar og etasjar slik at rett kompetanse kan bli nytta på rett stad.

Bygget skal legge til rette for gode logistikk- og bevegelsesmønster slik at bebuarar og besøkande opplever anlegget som oversiktleg. Løysinga skal sikre god flyt av brukarar til dei ulike helsetenestene, både internt og inn og ut av bygget. Det skal vere lett å orientere seg fram til og imellom ulike funksjonar i anlegget. Universell utforming (UU) skal vere ein gjennomgåande kvalitet.

Ein skal ta høgd for omfattande bruk av robotiserte og automatiserte driftsprosessar knytt til logistikk og portør-tenester.

Inviterande for pårørande, besøkande, frivilligheit

Helse- og omsorgssenteret skal integrerast som ein del av sentrum i Gaupne. Det skal vere ein god ute-inne forbindelse på bakkeplan, der det er tilrettelagt for aktivitetar, møteplassar og tenester som kan bli nytta av både bebuarar, tilsette og lokalsamfunnet.

Fellesareal i bygget skal ha forskjellige soner som gjer det naturleg at fleire besøk- og brukargrupper kan nytte areala samtidig utan å vere til sjenanse for kvarandre. Fellesareal skal ha fleksible løysingar som gjer at ein kan bruke deler av lokala til fleire føremål utan

videre tilpassing. Bygget skal tilby innbyggjarar/nærmiljø moglegheiter for leige av lokale og møterom til arrangement og møter, samt vere ein arena for ulike type aktivitets- og kulturtilbod.

Sonedeling

Bygget skal ha ein tydeleg og hensiktsmessig soneinndeling. Avgrensing av tilgang må vere fleksibelt, slik at ulike delar er tilgjengeleg for ulike brukarar. Sonene må kunne tidsstyrast, slik at dei kan vere opne nokre deler av døgnet, og stengt andre.

Dagslys og utsyn

Orientering av bygninga på tomta, og plassering av dei ulike funksjonane skal ivareta gode prinsipp og løysingar for dagslys og utsyn.

Funksjonar i 1. etg

Plassering av funksjonar i etasjar må gjerast ut frå heilskaplege vurderingar knytt til kva funksjoner som har størst behov for direkte tilgang til bakkeplan, krav til dagslys, utsyn og uteoppholdsareal, og omsyn til god intern logistikk. Utadretta funksjonar som kan trekke liv og aktivitet inn i bygget skal prioriterast på bakkeplan.

Følgande funksjonar er vurdert bør vere på bakkeplan:

- Vestibyle
- Kantine
- Produksjonskjøken

Kontorareal og konsultasjonsrom for helsetenester

Utforming av areal for helsetenestene skal legge til rette for større grad av tverrfagleg samhandling mellom tilsette. Det bør vere møtepunkt mellom kompetansemiljø og faglege ressursar i ulike soner. Arbeidsplasskonsept skal utformast ut frå kjennskap til dei aktuelle tenestene sine behov og arbeidskvardag. Særleg kontor for legar og psykisk helse/rus skal det leggjast vekt på sikkerheit og rømningsvegar. Krav til konfidensialitet må ivaretakast.

Nærleiksdiagram

Det er utarbeidd eit nærleiksdiagram som synleggjer vurderingar av behov for fysisk nærleik mellom tenester og funksjonar i bygget.

Hovudinngang / Vestibyle	Kantine	Dagaktivitetssenter	Produksjonskjøkken	Fysio/ergoterapi	Helsestasjon	Rus/psyisk helseteam	Korttidsavdeling	Langtidsavdelingar	Varemottak	Ambulansestasjon	Legekontor / Legevakt / Lab
Kantine	2										
Dagaktivitetssenter	2	2									
Produksjonskjøkken	0	1	0								
Fysio/ergoterapi	0	1	2	0							
Helsestasjon	0	1	0	0	1						
Rus/psyisk helseteam	0	1	0	0	0	1					
Korttidsavdeling	0	1	0	1	2	0	0				
Langtidsavdelingar	0	1	0	1	1	0	0	2			
Varemottak	-1	0	0	2	0	0	0	0	0		
Ambulansestasjon	-1	0	0	0	0	0	0	1	0	-1	
Legekontor / Legevakt / Lab	0	1	0	0	1	1	1	2	1	0	1

-1	Nærleik ikkje ynskjeleg
0	Nøytral
1	Ynskjeleg med nærleik
2	Sterkt ynskjeleg med nærleik

2.3 Husbanken sitt investeringsstilskot

Prosjektet skal kvalifisere for investeringstilskot frå Husbanken. Husbanken sin rettleiar for utforming av omsorgsbygg skal leggst til grunn. I Husbanken sine retningslinjer vert det lagt vekt på kvalitetar som gjer omsorgsbustader og sjukeheim til gode heimar og gode arbeidsplassar. Desse målsettingane er forankra i Verdighetsgarantien for eldreomsorg og Arbeidsmiljølova.

Husbanken sine retningslinjer legg til grunn både egne krav, i tillegg til krav som er fastsett av andre, som må sjåast som basis for bygging av sjukeheims plassar. Husbanken sine retningslinjer vert nytta på eit overordna nivå i tilbudsfasen.

Husbanken har utarbeidd eit dimensjoneringsgrunnlag som angir minimumsmål (omsorgsstandard) som vert lagt til grunn for prosjektering av omsorgsbustader og sjukeheim. Omsorgsbustader og sjukeheims plasser er bustader der bebuarane har behov for mykje hjelp og omsorg, og dei må vere utforma slik at dei gir moglegheit for bruk av hjelpemiddel og utstyr. Dette er tiltak som kan auke eigen meistring for bebuarane og samtidig legge til rette for gode arbeidsforhold for helsepersonell som skal gi tenester.

Dimensjoneringsgrunnlaget, med minimumsmål, er utarbeidd på grunnlag av krav i byggeteknisk forskrift (TEK 17), Norsk standard for universell utforming av bustader (NS 11001 – del 2), krav fra Arbeidstilsynet (Arbeidsmiljø i helseinstitusjon), krav til risikoklasse 6 i samsvar med branntekniske krav, og tilrettelegging for tilkopling og montering av velferdsteknologi.

Husbanken føresett at byggverk som vert finansiert med investeringstilskot er i tråd med gjeldande TEK. Prosjekt med institusjonsplassar fell inn under delen om arbeids- og publikumsbygg i gjeldande TEK, medan omsorgsbustader går under regelverket for bustad. Det er spesielt i forhold til krav om universell utforming at disse regelverka er forskjellig.

2.4 Helse Førde sine krav

Helse Førde har særskilte krav til areal dei skal leige for ambulansetenesta. Desse er gjort greie for i eigen kravspesifikasjon og i kapittel 3.5 Ambulansestasjon.

2.5 Lover og forskrifter

Det viktigaste regelverket som er relevant for prosjektet er følgande:

- Plan og bygningsloven (2009)
- Forskrift om tekniske krav til byggverk
- Arbeidsmiljøloven (2006)
- Arbeidsplassforskriften (2013)
- Likestillings- og diskrimineringsloven (2018)
- Forskrift for sykehjem mv. (1989)
- Helse- og omsorgstenesteloven (2011)
- Lov om folkehelsearbeid (2012)
- Smittevernloven (1995)
- Pasient og brukerrettighetsloven (2001)

Kommunen påpeikar at desse kulepunkta ikkje er ei uttømmmande opprekning.

3 Funksjonsprogram

3.1 Fellesareal

Hovudinngang skal vere tydeleg, romleg og inviterande med god utsikt til omgjevnader. Frå hovudinngang skal ein bli leidd direkte til vestibylen kor det skal vere enkelt å orientere seg vidare i bygget. Vestibylen skal vere eit sentralt møtepunkt i senteret for både tilsette og besøkande. Området skal enkelt kunne tilpassast ulik bruk og romme både besøkande, brukarar, tenestemottakarar og dei tilsette.

Sjølvetjent kantine med moglegheit for servering nokre dagar i veka skal vere felles for besøkande og personale. Kantine skal ligge sentralt i bygget i tilknytning til hovudinngang og vestibyle. Det bør i tillegg vere pauserom for tilsette som ikkje er eksponert for publikum i avdelingar.

Stort møterom for ca 50 personer bør ligge i tilknytning til vestibyle, med foldevegg for opning ved større samlingar. Felles møterom i ulik storleik skal vere lokalisert sentralt i bygget og skal kunne disponerast av alle dei ulike tenestene, inkludert besøkande. VR-rom skal kunne nyttast til mellom anna trening og utprøving av utstyr.

Dagaktivitetssenter skal vere tilrettelagt for ei brei målgruppe av eldre heimebuande med behov for sosiale aktivitetstilbod. Arealet skal ligge i tilknytning til vestibyle og kantine, der desse fellesareala inngår som ein del av dagaktivitetssenteret. Det skal leggjast særskilt til

rette for involvering og sambruk med frivilligheit og lokalsamfunn. Treningssal og treningsrom bør ligge i tilknytning til dagaktivitetsareal. Eit meir skjerma dagsentertilbod for heimebuande med demens er lagt til eksisterande Gaupne omsorgssenter og desse er ikkje i målgruppa for dette tilbodet.

Venteromsløysingar til dei einskilde funksjonane skal utformast ut frå kunnskap om dei aktuelle brukargruppene. Venteromsløysingar må ta omsyn til smittevern og moglegheit for skjerming. Venterom til legetenesta, psykisk helse, fysio- ergo og helsestasjon kan vere eigne rom eller som forlenging av vestibyle. Det skal vurderast bruk av innkallingsteknologi. Det bør vere separate og skjerma venterom for rus/psykiatri og helsestasjon for ungdom.

Kontorareal for koordinatorar og helsetorg med 5 tilsette, skal vere sentralt og tilgjengeleg for besøkande. Kontor for merkantile funksjonar bør vere i nærleik til dei aktuelle tenestene.

Rombehov:

- Vestibyle og hovudinngang
- Kantine m kjøken
- Dagaktivitetsareal
- Venterom / ventesone
- Utleigeareal for frisør og fotpleiar
- Lånekontor for frivillige organisasjonar
- HCWC for besøkande
- Kontor til administrasjon (koordinatorar og helsetorg)
- Kontor til merkantile funksjonar
- Møterom (stort, middels og små)
- VR-rom
- Soverom m bad for helsepersonell
- Kvilerom for tilsette / samtalerom for pårørande

Estimert nettoareal: 600m²

3.2 Produksjonskjøken

Produksjonskjøken skal i tillegg til å levere måltid til institusjonsplassar i nytt bygg tilby vekentleg levering av måltid til postkjøken knytt til omsorgsbustader i Gaupne, Hafslo og Luster og til heimebuande. Dagens organisering med kok-kjøl-løysing vert vidareført. Kjøken må dimensjonast for ein kapasitet på ca 300 middagar pr dag. Produksjonskjøken-norm med krav frå Mattilsynet skal ivaretakast. Det må leggjast til rette for god vareflyt og skilje mellom reine og skitne soner. Produksjonskjøken bør ha nærleik til kantine. Varemottak for kjøken må sjåast i samanheng med varemottak for resten av senteret. Produksjonskjøken må ha naudsynt lagerkapasitet, inkludert lager for kolonialvarer for Hafslo og Luster. Det skal vere naudsynt tilrettelagt areal for oppbevaring og spyling av vogner, traller, emballasje for utsending av mat etc.

Rombehov:

- Varemottak
- Tørrvarelager
- Grovkjøken
- Produksjonslokale / varmkjøken

- Diettkjøken
- Skrubbb / Oppvaskrom
- Kjølt pakkerom
- Kjølerom (meieriprodukt, kjøtt, fisk)
- Kjølerom (frukt/grønt)
- Kjølerom for ferdigvarer
- Fryseler
- Fryserom for ferdigvarer
- Kontor kjøken
- Reinhaldslager

Estimert nettoareal: 260m²

3.3 Helsestasjon

Helsestasjonstenesta yter tenester knytt til helsestasjon 0-5 år, skulehelsesteneste, helsestasjon for ungdom og jordmorteneste. I tillegg noko smittevernarbeid og helsesamtalar med nykomne flyktningar. Det er fast oppmøtetid på dei ulike skulane og oppvekstsenter, men basen er helsestasjonen i Gaupne. Tenesta samarbeider tett med alle fagmiljø innan helsetenestene, men og med oppvekststenesta, barnevern og PPT. Helsestasjonstenesta skal vera ei lågterskelteneste som det er lett å kome i kontakt med.

Alle faggruppene (5 helsesjukepleiar, lege, jordmor) har behov for lokalitetar som er tilrettelagde for konfidensialitet i samtalar. I tillegg er det viktig med plass nok for å gjere undersøkingar, observasjon og leik. Helsestasjon for ungdom må vere lett tilgjengeleg (drop-in).

Rombehov:

- Kontor/ Undersøkningsrom
- Vegerom
- Stellerom for besøkande
- Lager / utstyr / medisinrom
- Møterom

Estimert nettoareal: 170m²

3.4 Psykisk helseteam og rusomsorg

Psykisk helse- og rustenesta gir tenester til personar over 18 år som har utfordringar med eiga psykiske helse, rusmiddelbruk eller avhengigheit. Tenesta har både lågterskeltilbod og tilbod til personar med langvarige og samansette behov for helsehjelp. I tillegg til oppfølging av brukarar i aktivitet eller heimen, inneber ein stor del av tenesta individuell samtaleoppfølging, støttesamtalar, terapeutiske samtalar og rådgjevingssamtalar. Utvikling av tenesta vil ha økt fokus på kurs og gruppebehandling, som til dømes angst- og depresjonsgrupper.

Basen skal ha kontorarbeidsplassar for 9 tilsette. Tenestene er avhengig av ein god løysing på venteromfunksjon. Sikkerheit og rømningsveg frå kontor og samtalerom må ivaretakast.

Sosialt aktivitetstilbod går føre i anna lokale.

Rombehov:

- Kontor
- Samtalerom
- Møterom

Estimert nettoareal: 140m²

3.5 Ambulansestasjon

1-bils ambulansestasjon for Helse Førde skal tilfredsstille krav i Helse Førde sin kravspesifikasjon. For treningsrom og møterom er det føresett sambruk med andre funksjonar i bygget. Ved normal bemanning ved stasjonen er 2-3 personar på jobb samtidig. Det må takast særskilt omsyn til arbeidsflyt i samsvar med kravspesifikasjon, og behov for skjerming og god lydisolering av soverom.

Ambulansestasjon bør ligge tett på legevakt og korttidsavdeling slik at levering kan skje direkte via garasje.

Rombehov:

- Garasje / vaskehall
- Lager for beredskapsutstyr / forbruksmateriell
- Lager for støyande utstyr
- Garderobe (urein sone) / vaskerom for tøy
- Tøylager og tørkerom (rein sone)
- Garderobe (rein sone)
- Kjøken / opphaldsrom
- Kontor
- 3 Soverom
- Lager til forbruksmateriell og sengetøy
- HCWC

Estimert nettoareal: 230m²

3.6 Legekontor, legevakt og lab

Legekontoret, legevakt og lab skal være utforma for å støtte ein effektiv og trygg arbeidsflyt. Funksjonane bør plasserast i tilknytning til kvarandre og nær korttidsavdeling.

Det må takast omsyn til smittevern i utforming av inngang og venteromsløysing. Ekspedisjon bør ha oversikt over venterom. Legekontor vert dimensjonert for 12 legar. Det skal vere naudsynte spesialrom for medisinske undersøkingar og prosedyrar (GU, ØNH, EKG) i nærleiken av legekontor. Legekontor bør ha kvadratisk utforming og ivareta krav til fluktvei. Det skal vere fasilitetar for avanserte videokonferansar med spesialisthelsetenesta og digital monitorering av pasientar ved hjelp av velferdsteknologi / digital heimeoppfølging. Det skal leggast til rette oppgåveoverføring på legekontoret, der enkelte oppgåver kan delegerast til anna personale for å effektivisere arbeidsflyt. Det kan t.d. vere sjukepleiarar med ekstra kompetanse på diabetes- og sår som følgjer opp innbyggjarane og treng naudsynt areal til konsultasjon og dokumentasjon.

Akuttrom bør være tilrettelagt for transport med ambulanse og bære utanfrå og inn med eigen inngang. Rommet bør kunne fungere som "sluse"/smitterom.

Laboratoriet nyttast først og fremst av leger og legevakt, samt korttidsavdeling. Det må vere rasjonell logistikk og venteromsløysing. Laboratoriet skal ha wc med inspeksjonsluke direkte til lab og urinprøvar. Laboratoriet skal ha naudsynt lagerareal og tilgang til skyllerom. Støyande utstyr som sentrifuge må plasserast på eigna rom.

Rombehov:

- 12 Legekontor + 4 ekstra konsultasjonsrom
- Skrivestove m kontorarbeidsplassar
- Ekspedisjon m sluse
- Besøkstoalett inkl HCWC
- GU-rom + ØNH
- Møterom inkl. videokonferanse
- Venterom legevakt
- Akuttrom med HCWC
- Skiftesove
- Sterilrom
- Venterom Lab
- Laboratorium inkl. stikkerom/-soner
- Toalett LAR
- Lager
- Skyllerom

Esimert nettoareal: 570m²

3.7 Institusjonsplassar

Det skal etablerast 55 institusjonsplassar, fordelt på 40 langtidsplassar og 15 korttidsplassar.

Institusjonsplassar skal vere utforma i tråd med retningslinjer i [Husbanken sin veilder](#).

Arealstørrelse på rom, korridorar og fellesareal skal følgje gjeldande normer og anbefalingar frå Husbanken. Det vert og vist til Husbanken sin rettleiar når det gjeld planprinsipp for butilbod med fellesareal, utforming av korridorar, prinsipp om heimleg preg og tilgjengelege uteareal.

Organisering og utforming av bugrupper og avdelingar skal vere basert på oppdaterte helsefaglege vurderingar knytt til bemannings- og arealeffektivitet.

I tråd med Husbanken sine krav skal personell med smittevernkompetanse vere involvert i prosjekterings- og byggeprosessen, og sørge for at omsyn til smittevern ved ein eventuell pandemisituasjon er ivareteken. Det skal særskilt takast høgd for krav til smitteverngarderobar, isolat med sluse og naudsynte fasilitetar og kohortinndeling av bugrupper.

Det er vurdert at det ikkje er behov for bårerom i prosjektet.

Korttidsavdeling

Korttidsavdeling skal ha totalt 15 plasser. 2 av romma skal etablerast som isolat/smitterom med sluse. Eitt rom skal vere tilrettelagt for palliativ omsorg. 2 rom skal utformast med ekstra skjerming. 5 rom skal utrustast til meir akutt observasjon og behandling. Arbeidsrom / vaktrom bør ha umiddelbar nærleik til dei 5 akutt / observasjonsromma. 2 rom skal ved ledig kapasitet tilby overnattingsmoglegheit dersom pårørande ynskjer å være til stades over lengre tid ved sjukdom eller i siste fase av livet.

Fellesareal og spisestove skal ha eigna oppdeling for å ta omsyn til særskilt sårbare pasientar.

Rombehov:

- 15 bueiningar m bad
- Fellesareal
- Postkjøken
- Spisestove, stove og sittenisjer
- HCWC og gjestetoalett
- Lintøylager
- Lager forbruksmateriell
- Lager tekniske hjelpemiddel
- Skyllerom
- Medisinrom
- Arbeidsrom / Vaktrom
- Rapportrom
- Personal HCWC
- Kontor avdelingsleiar
- Samtalerom / stillerom

Esimert nettoareal: 700m²

Langtidsavdelingar

Langtidsavdelingar skal vere tilrettelagt for eldre med omfattande somatiske pleiebehov. Ein stor del av desse vil ha demens som ein tilleggsdiagnose. Generelle prinsipp for demensvenleg utforming skal leggest til grunn. Ved eksisterande Gaupne omsorgssenter vil det bli etablert eit spesialisert demenstilbod til personar som er fysisk friske, men kognitivt svekka. Langtidsavdelingar i nytt bygg skal difor ikkje vere særskilt tilrettelagt for ei slik brukargruppe.

40 langtids plassar vert organisert som to avdelingar med 2 x 10 bugrupper per avdeling. Det bør vere 2 eller 4 bugrupper pr. etasje med kort avstand mellom bugrupper for å kunne utnytte personalressursane på ein god måte gjennom heile døgnet. Det kan med fordel vere moglegheit for å endre inndeling til dømes 11+9. Kvar bugruppe bør kunne bli delt i mindre grupper (5+5 eller 3+7) dersom støy eller uro blir utfordringar. Nokre bueiningar skal ha dørforbindelse i mellom seg for å leggje til rette for par som ynskjer å bu ilag. Bugrupper skal vere organisert slik at funksjonar som til dømes postkjøken kan bli delt mellom 2 bugrupper. Det bør vere direkte forbindelse mellom postkjøken og spise plasser i bugruppene.

Rombehov:

- 40 bueiningar med bad
- Postkjøken

- Spisestover, stover og sittenisjer
- HCWC og gjestetoalett
- Arbeidsplass for tilsette
- Samtalerom
- Arbeidsrom / vaktrom
- Kontor avdelingsleiar
- Medisinrom
- Skyllerom
- Lintøylager
- Lager forbruksmateriell
- Lager reint tøy
- Velværerom
- Personal HCWC

Estimert nettoareal: 1920m²

3.8 Ergo- og fysioterapeuttenesta

Basen omfattar kommunale fysio- og ergoterapitenester + turnusfysioterapeut og psykomotorisk fysioterapeut, til saman 6 tilsette. I tillegg skal Frisklivssentralen, som er ein interkommunal teneste felles med Sogndal ha tilgang til ein kontorplass nokre dagar i veka. Tenesta skal ha gode fasilitetar til individuell oppfølging, behandling og rehabilitering, samt tilpassa lokale til trening og aktivitet i større og mindre grupper.

Treningsrom med treningsutstyr bør vere knytt opp til korttidsavdeling. Treningsrom skal og nyttast av ambulansetenesta sine tilsette.

Det bør vere ein kombinasjon av felles konsultasjonsrom og kontor med behandlingsfunksjon. Konsultasjonsrom for psykomotorisk fysioterapeut bør vere større enn ordinære konsultasjonsrom.

Treningssal skal i tillegg til gruppetreningar ha fleirbruk og kunne bli nytta til kurs, samlingar, føredrag osv. Rommet bør ha faldevegger for fleksibel bruk for å kunne ha fleire grupper samstundes, men også leggje til rette for å ha mindre og meir skjerma grupper i lokala. Salen bør ha takhøgde 3,6m og stollager. Barnetreningsrom bør ligge i nærleik til treningssal.

Rombehov:

- Treningssal med stollager
- Treningsrom
- Treningskjøken
- Barnetreningsrom
- Behandlingsrom
- Finmotorikkrom/ergo/kognitive testar/samtalerom
- Kontor
- Garderobar og WC for besøkande
- Lager

Estimert nettoareal: 460m²

3.9 Personalgarderobar

Det skal etablerast kjønnsdelte personalgarderobar for alle som arbeider i nytt bygg i tråd med arbeidstilsynet sine krav. Representativ storleik på kjønnsdelte garderobar som samsvarer med kjønnsfordeling av tilsette må avklarast med Arbeidstilsynet.

Personalgarderobe bør lokaliserast i tilknytning til personalinngangen(e) i bygget, og herifrå bør tilsette kunne kome seg tørrskodde til si avdeling. Personalgarderobane bør plasserast nær heis og trappeoppgang. I tillegg til wc i personalgarderobar skal det vere tilstrekkeleg tal wc for personal i nærleik til dei aktuelle tenestene.

Rombehov:

- Garderobe damer
- Dusj inkl. avkledningsavlukke damer
- Toalett damer
- Toalett damer HCWC
- Garderobe herrar
- Dusj inkl. avkledningsavlukke herrar
- Toalett herrar
- Toalett herrar HCWC
- Rom for klede
- Rom for klede reint

Estimert nettoareal: 140m²

3.10 Byggmessig drift

Vaktmeister, driftsteknikar og reinhaldar skal ha sine faste kontorplassar i bygget. Vaktmeister-kontor bør vere lett tilgjengeleg.

Det skal vere romsleg areal til varemottak, avfallsrom og reinhald. Varemottak og avfallshandtering skal vere skjerma frå hovudinngang. Det skal etablerast sjakt for handtering av tøy og avfall.

Reinhaldssentral og reinhaldsrom skal ha tilstrekkeleg plass for maskiner og robotar.

Det skal etablerast vaskeri for vask av bebuartøy. Vaskeri skal utformast med skilje mellom rein og urein sone.

Rombehov:

- Varemottak
- Kjølt avfallsrom
- Rom for spesialavfall
- Kjølt lager skittentøy
- Lager reint tøy
- Lager medisinsk forbruksmateriell
- Reinhaldssentral og reinhaldsrom
- Lager reinhald
- Vaktmeisterkontor
- Driftslager
- Lager for møbler og utstyr til bebuarar

- Smittevernslager
- Fjernlager
- Vaskeri for bebuartøy
- Kaldt lager utereidskap/utemøbler
- Lager for driftsutstyr
- Print / rekvisita

Estimert nettoareal: 530m²

3.11 Uteareal

Bebuarar skal ha enkel tilgang til gode og tilrettelagte uteareal i tråd med Husbanken sine retningslinjer.

Det bør etablerast leikeareal som kan nyttast av besøkande, til dømes skule og barnehage. Det bør vere tilrettelagt areal for enkel utandørs trening/rehabilitering.

3.12 Parkering

Det skal etablerast 70 parkeringsplasser for tenestebiler, tilsette og besøkande. Av desse skal 40 plasser vere i parkeringskjellar. Det skal etablerast sykkelparkering nær hovudinngang.

4 Kartlegging av tilsette og besøkande

Det er gjennomført ei grov kartlegging av kor mange tilsette og besøkande som vil vere i bygget samtidig. Kartlegginga syner at det vil vere ca 86 tilsette til stades på dagtid, ca 20 på kveld og ca 7 på nattevakt.

Tabell 1 - Kartlegging av samtidigheit tilsette

Funksjoner og tenester	Dag	Kveld	Natt
Institusjonsplasser	25	17	4
Administrasjon	10		
Produksjonskjøken	3		
Legekontor / legevakt / lab	18		
Fysio- og ergoterapi	6		
Rus / psykiatri	8		
Helsestasjon	9		
Ambulansestasjon	3	3	3
Bygningsmessig drift	4		
Totalt	86	20	7

Grov kartlegging av besøkande syner at om lag 64 besøkande vil vere i bygget samtidig på ein dag med høg aktivitet.

Tabell 2 - Kartlegging av samtidighet besøkende inkl. venterom

Tenester	Dag
Legekontor / Legevakt	30
Helsestasjon/jordmor	7
Rus/Psykiatri	3
Fysio / Ergo	4
Institusjonsplassar	10
Gruppe	10
Totalt	64



Luster kommune